

Kyrkjekeklokka

Nr 1 - 2020

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

84. årgang



God
Påske!



*Flytta til nytt
bispedøme*

*Konsert kyrkja
i Olden*

*Vegen vidare for
Kyrkjeklokka*

Foto Håkon Olav Skaar

Salme

«Deg være ære» er en salme satt til melodien «See, the Conqu'ring hero comes» fra Händels oratorium Judas Maccabaeus. Teksten er en oversettelse av salmen «À toi la glo-

re» skrevet av sveitseren Edmond Louis Budry i 1885. Den ble oversatt til norsk av Arne Fjelberg i 1947. Salmen er med i Norsk Salmebok, og er i kategorien Påskesalmer

«À toi la gloire» er oversatt til en

rekke språk, blant annet engelsk «Thine Be the Glory» (Richard Hoyle, 1925) og nederlandsk «U zij de glorie» (Jan Willem Schulte Nordholt).

[Wikipedia](#)

Deg være ære

*Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!*

*Refr.:
Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være
Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!*

*Refr.:
Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være
Kristus underlagt.*

*Frykt ikke mere!
Ewig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.*

*Refr.:
Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være
Kristus underlagt.*



Vegen vidare for Kyrkjeklokka

I fjor vinter stilte styret i Kyrkjeklokka Bladlag seg spørsmålet; Hornindal sokn – kva vert vegen vidare i Kyrkjeklokka samanheng? Dette etter at Hornindal sokn vart føreslått overført til Møre bispedøme frå 01.01.2020 og at tilsett sokneprest Hege Høiby ikkje kom til å følgje med. Ho vil fortsetje som sokneprest for Nordsida sokn og Randabygd sokn, i tillegg få funksjonen som prostiprest i Nordfjord.

Styret såg med bekymring på at dersom Hornindal sokn går ut av det over åtti år lange samarbeidet mellom prestegjelda Hornindal, Innvik og Stryn om å gje ut Kyrkjeklokka, vil bladet verte fattigare på mange måtar. Ikkje minst det gode samarbeidet og kameratskapet, mange familiar i Hornindal og bygdeane i Stryn kommune har slektskap med kvarandre. Og styret har eit inntrykk av at mange i Hornindal sokn vil komme til å sakne Kyrkjeklokka dersom den eventuelt ikkje lenger kjem ut i dette området. Styret ser dette som eit svært stort tap dersom dette i framtida vert resultatet. Kyrkjeklokka, er sokneråda i Hornindal, Innvik og Stryn (tidlegare kalla) prestegjeld sitt blad.

Men styret sine bekymringar vart snudd til ei god oppmunttring då Soknerådet i Hornindal gav oss tilbakermeldinga; *Soknerådet i Hornindal er absolutt positive til å fortsette samarbeidet om Kykjeklokka. Vi har ikkje sett føre oss nokre utfordringar her. Einaste vi snakka litt om er at det bør vere med litt stoff frå Møresida også, utan at dette skal verte rart/irrelevant for dei som ikkje tilhører Møre....*

Sett i lys av at mange kyrke-

lydar ikkje lenger gjev ut eit eige kyrkjeblad, kan Kyrkjeklokka Bladlag oppleve stagnasjon og tilbakegong både innhaldsmessig og økonomisk.

Dei seinare år har redaksjonen hatt mange gode og trufaste leverandørar av reportasjar og idear. Vi har fått ein god balansegang av stoff frå alle 9 sokna. Ei lokal redaksjonsnemnd i Hornindal har vore gode på å levere saman med sokneprestane og kateketar/trusopplærarane og Kyrkjeverje. Likevel bekymrar det oss at vi framover kan oppleve at færre regelmessig leverer idear, stoff, innlegg og biletar til redaksjonen i Kyrkjeklokka. Dette vil medføre at slitasjen på desse aktørene vert stor. I skrivande stund er tal redaktørar redusert til ein.



Men rett før levering av bladet til trykkeriet har ein til sagt ja til å verte redaktør.

Det vil også verte ei utfordring at færre betalar den frivillige kontingenenten. Styret i Kyrkjeklokka Bladlag har hatt som mål at bladet skal være eit blad utan reklame. Reklamen er sterkt tilstades i samfunnet og vi ser på Kyrkjeklokka som eit alternativ til dette.

Etter nokre år med underskot i årsrekneskapen, vurderer styret likevel om vi skal opne for ei enklare form for reklame - logo/namn i samband med adresseringa av bladet. Dette for å snu

denne økonomiske utviklinga i Bladlaget.

Styret og redaktørane er personar der dei fleste er i fullt arbeid men som har sagt seg villige å gjere ein innsats på fritida for at Kyrkjeklokka framleis skal komme ut.

Om det er sokneråda sitt blad og det er dei som oppnemner kandidatar til Kyrkjeklokka Bladlag sitt styre, er det likevel ikkje kyrkja som er eigar og/eller økonomisk bidrags ytar. Kyrkjeklokka Bladlag er ein sjølvstendig organisasjon med eige styre, økonomi og revisor.

Vi ser det som eit blad som til liks med avisene Fjordingen, dekker eit geografisk område i Indre Nordfjord, og det skal både bladet og avisene fortsetje med. Det kan vel gjerne verte nokre fleire innslag frå områda utanom Hornindal i Volda kommune. OG; Alle, inkludert Honndølene, som ynskjer å sende eit stykke/forteljing/reportasje m.m. til Kyrkjeklokka som vi kan ta med i bladet, er hjarteleg velkommen til å gjere det. Det er eit mål at alle bladnumera skal ha eit innhald slik at alle som soknar til dei 9 sokna i Indre Nordfjord skal finne noko frå ”sitt” sokn og som den enkelte meir eller mindre har eit forhold til.

Styret for Kyrkjeklokka Bladlag håpar sjølv sagt at alle som soknar til Hornindal, saman med Stryningane, både fastbuande og utflytta som får Kyrkjeklokka tilsendt, vert med vidare.

Redaksjonen for Kyrkjeklokka



«Klippe, du som brast for meg»

av Harald Runde

Jesus vart krossfesta på høgda, Golgata, og døde på krossen Langfredag. Det står i Johannes evangeliet at ein soldat stakk han med eit spyd i sida (Joh 19,34), «...det rann ut blod og vatn». Patologar seier det er eit sikkert teikn på at ein person er død, når blodet skil seg i serum og koagulert blod. Den klåre veska er serum. Krossfesting medfører på ein person eit veldig press på hjarte og lunge. Personen opplever pustevanskar og det samlar seg veske i lungene. Truleg så vart spydet stukke gjennom lunga og inn i hjarte på Jesus. Blod og vatn rann ut av såret, som apostelen Johannes vitnar om.

Då Israelsfolket vandra gjennom øydemarka, så kom dei til ein stad utan vatn. «Så lyfte Moses handa, og slo på klippen med


staven sin. Då fossa vatnet fram, og både folket og buskapen deira drakk av vatnet» (4. Mos 20,11). Profeten Jesaia skriv: «Herren er ein evig klippe» (Jes 26,4).

Den engelske forfattaren, A. M. Toplady, har skrive ein salme som foreinar det undret, som skjedde i øydemarka og det som skjedde, då Jesus døde på krossen, i salmen; (engelsk) «Rock of Ages, cleft for me». I den norske versjonen (bm) står det, i vers 1: «Klippe, du som brast for meg, la meg skjule meg i deg! La det vann og blod som går frå din sides opne sår, reinse meg i nådens pakt frå all syndens skyld og makt».

Bilete av Gud som klippen i Det gamle testamenet er faszinerande. Tenk at det kom friskt vatn ut av klippen som Moses slo på. Livgjevande vatn var det som kom ut av klippen. Både

folket og dyra kunne drikke av dette vatnet. Dei fekk ny styrke og kunne vandre vidare på ferda til «løftene sitt land».

I Det nye testamentet skriv Paulus i overførd tyding i Korinterbrevet (1 Kor 10,4): «dei (israelittane) drakk av det åndelege berget som fylgte dei; og berget var Kristus». Jesus sitt blod som rann då han hang og døde på krossen er livgjevande for oss i dag. Han sitt forsoningsverk på Golgata gjev oss menneske det vi alle manglar; rettferda. Ved trua på Jesus får vi del i rettferda. Det gjev oss og evig liv (Joh 3,16). «Sanneleg, våre sjukdomar tok han, vår smerte bar han. Vi tenkte: Han er ramma, slegen av Gud og plaga. Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lekte (Jes. 53,4-5)».





Kyrkjeklokka

Web: www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag

Volda prestekontor Hornindal sokn

Tlf 70 07 40 90
Prost Ingeborg Matre

Innvik prestekontor sokna Utvik - Olden - Innvik

Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
runde.harald@gmail.com

Stryn prestekontor sokna Randabygd - Nordsida

Tlf 57 87 49 48
Mobil 930 01 473
Sokneprest Hege Høibye
hege.hoibye@stryn.kommune.no

sokna Oppstryn - Loen - Nedstryn

Tlf 57 87 61 85
Mobil 948 32 875/916 01 630
Sokneprest Henny Koppen
henny.koppen@stryn.kommune.no

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald
www.stryn.kyrkja.no

Forretningsførar abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik
Rindane 6, 6788 Olden.
Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Trusoplærer

57 87 61 83 Kateket
Beate Nes
beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog
Martine Bø Solbakken
martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

57 87 61 82 Trusoplærar
Guro Petronella Enerhaug
guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Stryn kyrkjekontor
Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri
Tlf 57 87 61 84
Mobil 913 27 882
kari.muri@stryn.kommune.no
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestol
57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg
Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn
Besøksadresse: Rognehaugen 11
E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no
Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90
Post/besøksadresse: Rådhusgata 6a, 6100 Volda
E-postadresse: kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no
Heimeside: <https://volda.kyrkja.no>
Må, ty, to og fre kl. 10:00 (on 10:30)– 14:00

Kyrkjeverja i Stryn

Brannsikring i Stryn kommune sine kyrkjer

av Jens Rauschenbach og Birger Skåre - Stryn kyrkjekontor

No i starten av året har Stryn kyrkjekontor i lag med Stryn brannvesen gjennomført ei synfaring i alle kyrkjene i kommunen.

Vi har hatt ein gjennomgang på brannslokkingsutstyr, redningsstigar frå galleriet og

skilta rømmingsvegar.

Det er supplert med utstyr der det har vore nødvendig. Det som er nytt er at utgangane i kyrkjene blir skilta med refleksskilt slik at det lyser også i mørke.

Vi oppfordrar folk til å ta omsyn og ikkje legge frå seg papir

eller anna brannfarleg materiale i kyrkjene og spesielt i nærleiken av varmekildene, då varmestyringa vert starta via nett.

Meir omfattande informasjon om brannsikkerheita kjem vi tilbake til etter avslutningsrapporten frå brannvesenet.

Følg oss i sosiale media



facebook.com/strynkyrkja



stryn.kyrkja.no



instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Hjelp til sjølvhjelp

Eg er på veg til Sør Afrika. Målet er å besøke barnehagen i fattigområdet Langa, som eg har fylgt med på sidan starten i 2015. I vekene før avreise har eg hatt ei innsamling på Facebook. Eg hadde håpa å få inn 10 000 kroner, og det fekk eg, med god margin. I tillegg til det som kom inn på aksjonen på nettet, kom det inn mest 18 000 kr på barnehagen sin eigen konto. Snakk om gjevarglede. Mange som gav pengar har vore på besøk i denne barnehagen ein gong, og sett kva behov der er. Men dei har og sett at pengane kjem til nytte, og dei veit at ingen ting forsvinn i administrasjon.

Andre, som ikkje har sett prosjektet på nært hald, har også gitt pengar, mange har gitt mykje. Desse har berre lese om det på facebook, eller høyrt nokon fortelje om det. Så opna dei lommeboka.

I ein salme syng vi: «*Hjelp meg Gud, til å gi både pengar, arbeid og tid*». Av og til kan vi få inntrykk av at nordmenn tenkjer mest på seg sjølv og si eiga framtid, men ofte ser vi døme på det motsette. Folk ynskjer verkeleg å gi til prosjekt dei finn meiningsfulle. Dei fleste av oss har lyst til å gjere vårt for å skape ei betre verd. Og sjølv om det kvar av oss kan bidra med monnar lite, så gjer det likevel godt å få gjere litt, hjelpe nokon.

Dei som var i Olden kyrkje på Ung Messe i januar, høyrdt kateketen vår, Beate, fortelje denne

forteljinga: Ein eldre mann som gjekk ein tur på stranda, observerte ein liten gut som sprang fram og tilbake og kasta sjøstjerner ut i havet. «*Kva driv du med?*», spurde mannen. «*Eg hjelper sjøstjernene tilbake til havet, viss dei blir liggande på stranda når sola kjem opp, dør dei*», svarte guten. «*Kjære deg*», sa mannen, ikkje så lite nedlatande, «*veit du ikkje at her er fleire kilometer med strand og at det ligg sjøstjerner heile vegen? Du klarar aldri i livet å redde alle saman, å kaste ut nokre få gjer ingen forskjell*». Guten bøygde seg ned, plukka opp ei ny sjøstjerne og kasta den så langt ut i vatnet som han klarte. Så sa han: «*Eg gjorde ein forskjell for denne*».

Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko. Og mange kan vitne om at det gjer godt å hjelpe. Arnulf Øverland, til dømes, han sa det slik: *Det er en lykke i livet som ikke vendes til lede: Det at du hjelper en annen, det er den eneste glede*. Verdt å legge merke

til.

Det er ein grunn til at born med glede går rundt og samlar inn pengar under julebukkaksjonen kvart år. Det er ein grunn til at born arrangerer tombola for Redd Barna på gatehjørnet utanfor huset sitt. Dei veit at alt hjelper, og dei er glade for å få bidra. Born skjønar at det dei samlar inn og sender vidare, utgjer ein forskjell for nokon.

Ei misjonaervenninne av meg jobba i eit land der utfordingane synest uoverkomelege. Eg spurde henne om ho ikkje var oppgitt når ho såg det enorme behovet for hjelp som fanst i dette landet. Ho sa: *Det er eitt ord i Bibelen som held meg oppe: Jesus sa: Det du har gjort mot ein av desse mine minste, det har du gjort mot meg*. Så kan det og vere ein inspirasjon for oss når vi gir av vår overflod eller støttar eit menneske som treng det. Alt vi gjer, gir meaning, at ein får hjelp er eit steg framover.



Statistikk for 2019

	Olden m /Ljosheim		Innvik		Utvik		Innvik prestegjeld	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019
Døypete	9	4	1	3	4	2	14	9
Døypete, bur i soknet	5	2	1	3	1	2	7	7
Konfirmerte	12	6	4	8	4	3	20	17
Vigde	6	3	1	2	1	0	8	5
Gravferder	12	13	5	6	7	6	24	25
Gudstenester	29	29	17	17	14	13	60	59
Deltakarar ved gudstenester	2 215	1 917	968	969	916	755	4 099	3 641
Nattverdgjester	301	338	235	155	226	134	762	627
Offer/kollekt	61 056	71 884	37 986	24 514	41 847	38 210	140 889	134 608
Fasteaksjonen	17 100	18 673	12 598	8 939	8 803	11 275	38 501	38 887
	Hornindal		Nordsida		Randabygd		Hornindal prestegjeld	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019
Døypete	10	13	5	4	2	3	17	20
Konfirmerte	21	12	7	4	2	4	30	20
Vigde	1	2	0	0	1	0	2	2
Gravferder	17	12	6	1	0	0	23	13
Gudstenester	25	24	20	19	11	11	56	54
Deltakarar ved gudstenester	1 938	1 908	1 476	1 321	456	511	3 870	3 740
Nattverdgjester	204	400	278	344	73	49	555	793
Offer/kollekt	60 861	42 617	61 965	68 780	10 809	11 889	133 635	123 286
	Oppstryn		Nedstryrn		Loen		Stryn prestegjeld	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019
Døypete	7	10	17	10	11	16	35	36
Konfirmerte	6	6	42	30	6	6	54	42
Vigde	4	0	5	5	6	4	15	9
Gravferder	8	7	20	26	8	4	36	37
Gudstenester	21	20	48	39	17	21	86	80
Deltakarar ved gudstenester	1 016	1 099	5 530	3 416	1 522	1 320	8 068	5 835
Nattverdgjester	245	201	970	762	157	228	1 372	1 191
Offer/kollekt	19 744	20 862	94 274	82 753	31 639	27 356	145 657	130 971

Tilsaman for alle tre prestegjelda

Innvik, Hornindal og Stryn

	2018	2019	Endring 2018/2019
Døypete	66	65	-1
Konfirmerte	104	79	-25
Vigde	25	16	-9
Gravferder	83	75	-8
Gudstenester	202	193	-9
Deltakarar ved gudstenester	16 037	13 216	-2 821
Nattverdgjester	2 689	2 611	-78
Offer/kollekt	458 682	427 752	-30 930

Vigsling av ny kyrkjegard i Nordsida 1. påskedag

av Hege Høiby

Arbeidet med utviding av kyrkjegården til Nordsida kyrkje er no ferdigstilt. Den 12. april,

1. påskedag, skal det nye området vigslast. Det blir gudsteneste kl. 11 og vigsling etter

gudstenesta. Soknerådet inviterer til feiring med kyrkjekaffi og kake.

Bisetting eller gravferd

av Henny Koppen

Det kan vere litt forvirring om kva som er skilnaden på bisetting og gravferd. Når nokon dør tek den næra- ste familien avgjerda om ein skal velje det eine eller det andre, eller avdøde sitt ynskje er kjent og blir teke omsyn til.

Det mest vanlege på våre kantar er framleis grav- ferd. Då fylgjer vi avdøde til grava, og senkar kista i jorda. Bisetting er namnet på seremonien der ein sam- last for å ta avskjed med av- døde, og der den døde blir send til eit krematorium for

å kremerast. Når urna med oska kjem tilbake til famili- len, blir den sett i jorda, på kyrkjegården eller ein anna stad som familien vel. Det kan og vere aktuelt å spreie oska i naturen, men då etter nærmere godkjenning om stad.

I begge tilfelle kan ein ha seremonien i kyrkja, og deito liturgiane er veldig like. Der er ein skilnad i starten, der presten i gravferda seier at vi skal fylgle den døde til den siste kvilestaden. Dette blir ikkje sagt ved biset- ting, sidan urna skal setjast

i jorda på eit seinare tids- punkt. Ved bisetting går ein ikkje ut på kyrkjegården med kista, difor skjer jord- påkastinga inne. Alt som vanlegvis skjer ute ved gra- va, blir gjennomført inne i kyrkja, før ein ber kista ut til bilen som står og ventar.

Forsamlinga blir ståande ei kort tid ved bilen, før han køyrer av garde med kista. Urna kjem etter ei tid tilbake, vanlegvis til kyrkjekontoret, og familien avgjer då om det skal vere ein seremoni når den blir jordfesta.



Biletet er henta frå Svanholm gravferdsbyrå si nettside

Rehabiliteringsarbeidet på kyrkjetaket i Innvik er ferdig

av kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

Det tok over eit halvt år, men no er det omfattande arbeidet med rehabilitering av taket på Innvik kyrkje fullført. Tysdag 25. februar vart det halde ferdigsynfaring, og representantar frå Innvik sokneråd og Stryn kommune saman med kyrkjeverja føretok synfaringa saman med byggeleiar Arnt Ivar Kolås. Alle kunne då ta i sjølvsyn at det har vore utført ein omfattande jobb, og at det er solid utført arbeid.

Arbeidet i korte trekk; det aller meste (95%) av trodet måtte skiftast, det er lagt undertak oppå trodet og nye sløyfer og lekter. Tre av fire gradrenner er skifta, den eine av dei er rekonstruert etter gammal byggeskikk. Av totalt 395 m² er det lagt 152 m² ny takstein. Det er montert takrenner rundt heile kyrkja. Alt nytt treverk er furu adel frå nærområdet, det meste levert av Flore sag og noko frå Frøholm sag. Ny takstein er patinert stein etter tilråding frå Riksantikvaren.

Ved kontraktsutlysing var tiltaket kostnadsrekna til 1,2 mill. Sluttrekninga er på 3,9 mill. Tiltaket har undervegs fått eit tilskot frå Riksantikvaren på 600.000 kr og rentekompensasjon frå Husbanken vil utgjere noko. Men hovudsakleg er tiltaket finansiert av Stryn kommune. Det må i framtidige prosjekt gjerast grundigare tilstandsanalyse før så store tiltak vert sett igong.

Nokon lurer sikkert på korleis vølinga av kyrkjetaket i Innvik vil påverke hekkeplassen for tårnseglarane. Svaret på det får vi utpå sommaren. Etter å ha fått forsikring om at fugleaktiviteten ikkje gjer skade på taket, har målet vore å ta omsyn og unngå å forringe levekåra for fuglen.

Vurderinga har vore gjort i samråd med Riksantikvar og Fylkeskommunen, og med miljøvernleiari Odd Rønningen og lokal fuglekjennar Egil Loftesnes. Om fuglen ikkje reagerer på at det no er slett undertak oppå trodet, så ligg alt til rette for at tårnseglaren framleis blir ein del av lokalmiljøet.

Med nyvølt tak på kyrkja vert det endå tydelegare at tronken for utvendig måling er stor. Utvendig måling av Innvik kyrkje er øvst på Fellesrådet si prioriteringsliste, men Fellesrådet har ikkje midlar til tiltak av den storleik i inneverande år. Det blir gjort førebuande arbeid, men tiltaket kan ikkje lysast ut før finansieringa er sikra.

Kyrkjeverja vil på vegne av Fellesrådet takke Byggmeister Inge Kolås AS v/byggeleiar Arnt Ivar Kolås for solid utført rehabiliteringsarbeid, og for godt samarbeid i heile prosessen. Lars Arne Hilde har vore kontaktperson for Innvik sokneråd, og har vore ein viktig link og bidrige med lokal kunnskap. Likeeins er det grunn til å takke Stryn kommune for fagleg og praktisk bistand frå bygg- og vedlikaheldsavdelinga, i tillegg til det økonomiske tilleggsloftet. Takk og til naboar og øvrige bygdefolk for tolmod og forståing i ein lang byggeprosess.



Under arbeid



*Ein fråflytta
tårnseglarheim*



Mykje dårleg trod



Ferdigsynfaring



Ferdig takrehabilitering

Karnevalsgudsteneste for store og små

av Beate Nes

I mange år no har vi feira karnevalsgudsteneste i Nordsida kyrkje. Barnegospel tek del med song, dans og god stemning. Der kjem både vaksne og born utkledd for å feire gleda og kreativiteten, og for å løfte blikket ut i verda.

I år vart det også for første gong feira karnevalsgudsteneste i Nedstryn kyrkje, i samband med tårnagentgudstenesta som var der. Karnevalsgudsteneste er ikkje ei tullegudsteneste. Det er ei feiring av gleda, og alt det fine og rare Gud har skapt, men også ei gudsteneste med fokus ut i verda og spesielt på alle dei borna som ikkje har det like godt som vi, og som treng at vi bryr oss. Her kjem nokre glimt frå desse gudstenestene.



Nordsida kyrkje



Bileta frå Nordsida
Foto Ottar Ulvedal 2020





Nedstryn kyrkje



Bileta frå tårnagent/karneval i Nedstryn
Foto Beate Nes 2020

Gi eit liv med vatn

av Beate Nes

Klimaendringar, fattigdom, krig og konflikt er dessverre ein sentral del av verdsbiletet. Då er det godt å sjå at det nyttar å hjelpe og at pengane som blir samla inn kjem fram. Kirkens Nødhjelps arbeid med reint vatn reddar liv kvar einaste dag.

Kvart einaste år i fastetida er kyrkjelyder over heile Noreg med på å forandre verda, eit liv om gongen. Det gjer vi gjennom å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 29. – 31. mars.

I tillegg er det *denne* fastetida mange born som er superheltar. Superheltar som samlar inn pengar til reitn vatn.

Vi ser at klimaendringane har alvorlege følgjer. Tørke og flaum øydelegg livsgrunnlaget til folk og tvingar stadig fleire på flukt. Folk manglar reint vatn, blir sjuke og i verste fall dør. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon handlar i år om å gje reint vatn til menneske som kjenner på kroppen at klimaet endrar seg.

Som for 14 år gamle Bate og 10 år gamle Kila i Beseko i Etiopia. Den einaste vasskjelda i landsbyen var den røffe og skit-

ne elva som gjorde at folk vart sjuke. Det valdsame regnet la heile avlingar under vatn. Folk vart så sjuke at fleire pakka ting sine og flykta. Verken Bate eller Kila kunne gå på skulen, dei måtte hjelpe familiene sine for å få kvardagen til å gå rundt.

Frå flukt til blomstring

Etter at dei fekk reint og trygt vatn med middel frå Kirkens Nødhjelp og det norske folk gjennom TV-aksjonen, har landsbyen vakse til 8000 innbyggjarar, butikkar og marknad blomstrar, Kila og Bate kan gå på skulen og byrje å drøyme om ei betre framtid. Vatn forandrar verkeleg alt.

Pengane frå Fasteaksjonen gjer det mogleg å endre liv. Unge jenter treng ikkje lenger bruke fleire timer dagleg for å hente skittent vatn frå vasskjelder dei deler med dyra. Folk held seg friske, kan arbeide og gå på skulen.

Klimaendringane sender menneske på flukt, skapar meir fattigdom og prekær vassmangel. Pengane frå Fasteaksjonen bidreg til at Kirkens Nødhjelp kan gje menneske over hele

verda tilgang til reint og trygt vatn, trygge toalett og opplæring i hygiene. Det reddar liv.

Dugnad for rettferd

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er ein fantastisk dugnad for rettferd. Både konfirmantar, barn og frivillige brukar fastetida til å hjelpe dei som treng det mest.

Klimaendringane er vårt felles ansvar, og vi må hjelpe dei som blir ramma. Vi håpar så mange som mogleg støttar aksjonen med pengar når vi bankar på døra med bøssene våre. Støtta di gjer ein forskjell!

Kvart einaste år i fastetida er kyrkjelyder over heile Noreg med på å forandre verda, eit liv om gongen. Det gjer vi gjennom å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 29. – 31. mars.

I tillegg er det denne fastetida mange born som er superheltar. Superheltar som samlar inn pengar til reitn vatn.



Bate fra landsbyen Beseko Ilala



Dette er Anna, ein av fleire superheltar her i Stryn, som for tida jobbar med å redde verda! Ho gjer ulike jobbar, og pengane ho får legg ho på den lilla fastebøssa frå Kirkens Nødhjelp!

Store og små samla til middag!

av Beate Nes

Jobb og skuledagen er akkurat over. På Betania er det full fart på kjøkkenet. Potetene er skrel-la, og blekksprutpølsene ligg i omnen. Snart kjem det ein gjeng svoltne familiar, klare for middag og samling. Pulsen er høg hos dei tilsette som skal gjere alt klart. Det er ikkje så lett å passe potetstappa og kippe superhelt-kappene på same tid.

Det er så kjekt at vi er blitt ein fin gjeng som ca ein gong i månaden samlast til storfamiliesamling med middag, forming og bibelfortelling. Vi håpar å kunne fortsette med desse samlingane til hausten igjen. Men då treng vi hjelp på kjøkkenet!


Oppgåvene skal vere ganske enkle. Røre litt i nokre gryter, legge maten på serveringsfat, og ta oppvasken. Ta kontakt med Beate om du kan tenke deg å hjelpe til ein gong.

Det er planlagt ei samling til før sommaren. 2. april vert det påskesamling, med taco, laging av påskelandskap og formidling av påskehistoria.

Vi planlegg også ei skikkelig festgudsteneste for heile storfamilien 1. påskedag i Nedstryn kyrkje. Dette er kjekt og meiningssfullt, og her er plass til fleire på samlingane våre!

Påmelding til beate.nes@stryn.kommune.no

Vi håpar å kunne fortsette med desse samlingane til hausten igjen. Men då treng vi hjelp på kjøkkenet! Oppgåvene skal vere ganske enkle.



*Klart til innrykk!
Storfamiliesamling med middag, forming og bibelfortelling.*

Det nye prosesjonskorset i Oppstryn Kyrkje

av Sonja Skaare Esperø

Først litt fakta: I den norske kirke bæres alterkorset inn av klokkeneren eller en annen frivillig foran prosesjoner på de store festdagene, samt ved spesielle anledninger (dåp, familiegudstjenester e.l.) Korset blir plassert ved alteret under gudstenesten.

I Oppstryn Kyrkje har dette prosesjonskorset manglet. Da er

det godt å ha ressurs-personer i bygda, som er lette å spørre og positive til å hjelpe! Rolf Fure er en sånn person. Alltid hjelpsom og vil ikke ha betaling, og han er også en flink håndverker!

Henny Koppen og soknerådet la et av møtene til kirken for å finne et kors som man kunne ha som modell. Det ble et av korsene i altertavlen vår. Enkelt, men

stilfullt, synes vi.

Prosesjonskorset ble innviet den 3. februar 2019 i en dåp i kirken. Det er ekstra høytidelig å se når dåpsfølget kommer bak prosesjonskorset!

Oppstryn Sokneråd vil takke så mye til Rolf Fure for et flott stykke håndverk!

Tusen hjertelig takk!



Rolf Fure med godt utført arbeid for Oppstryn kyrkjelyd

Salmekveld i Oppstryn kyrkje

av Beate Glomnes

Søndag 1. mars kl 20.00 hadde vi salmekveld i Oppstryn kyrkje. Tema for kvelden var faste framover til påskedag.


Det var plukke ut salmar som passa til dette temaet, med tekstlesing innimellom.

Vi var så heldige at vokalgruppa Stevia var med oss denne kvelden med nydeleg song. Litt synd at så få møtte opp og fekk med seg dette (22 personar).

Vi fekk og musikalske innslag av Anders Kvile på piano og

Kyrre Johan Nordnæs på slagverk. Dei ville hylle avdøde Jahn Teigen og opna og avslutta med songar av han. (Min første kjærighet og Adjø).

Før vi gjekk heim, var det servering av kyrkjekaffi.



vokalgruppa Stevia

Kyrkjelydens årsfest i Oppstryn

av Beate Glomnes

Fredag 28. februar var det duka for årsfest med basar i Betel i Hjelledalen. Soknerådet hadde jobba mykje for å få til ein fin kveld. Fått inn mange fine gevinstar, gått med loddbøker i Oppstryn, samt Veslebygda og Flo, og hyra inn fine artistar.

Kolbein Kaspersen vart leigd inn som programleiar og vi var ca 40 personar som var samla til årsfest.

Vi venta på ei som skulle halde andakt. Men inn kom Tuppen og Lillemor og song for oss. Det viste seg å vere Henny Koppen og Marie Johanne Folven som hadde kledd seg ut. Henny heldt ei fin andakt om vennskap.

Etterpå fekk vi song av Lovise Guddal, og Vegard Guddal spelte piano til. Dei framførte Vestlandet av Vilde og Anna, og alle fekk vere med å syng til slutt.

Vi gjekk gjennom årsmeldinga og rekneskapen for 2019.

Noko av det viktigaste med årsfest er mat og kaffi. Etter bordvers vart det sett fram mykje god mat, og praten gjekk lett.

Etter mat, var det tid for åresal. Det er alltid spennande. Mange fine gevinstar, alt ifrå såpe til chips og brus vart loddha ut. Og somme har meir vinnarlukke enn andre.

Til slutt var det trekkjing av loddbökene. Her var mange heldige vinnarar. Det var både fine gåvekort, vevde filleryer, kolonialkorg, slangetrommel og mange andre fine gevinstar. Tusen takk til alle som har bidrege. *Det vart eit fint resultat etter basaren, brutto kom det inn kr 28 293.*



Tuppen og Lillemor song for oss. (Henny Koppen og Marie Johanne Folven)



Song av Lovise Guddal med Vegard Guddal som spelte piano til

Altardukane i Nedstryn kyrkje

Tekst og foto: Jarle Hessevik

Frå jubileumsheftet til kyrkja sitt 150-årsjubileum kan vi lese at det finst fleire altardukar som hører til i kyrkja.

Den eldste som er oppbevart er ein hekla duk som var laga av Ragnhild Dorthea Tenden og vart teken i bruk i 1934.

Etter den tid er det komne to nye dukar, begge vakre handarbeid som pryder kyrkja.

Til 100-årsjubileet (1959) fekk kyrkja ny duk i gåve frå Nedstryn Husmorlag. Denne duken er laga av søstrene på «Bellateria», Oddrun og Bergljot Gytri. Duken er brodert med eit finstilt korsstingsbroderi i svart. Motiva er kors, nattverdkalk, stiliserte plantar og kornaks og bokstavane α og Ω (alfa og omega).

Den nyast duken kom som gåve frå Lina O. Kirkeeide i 1984. To år etter døde Lina, 78 år gammal. Duken er i hardangersaum og har broderte kors, store og små i front på altaret. På innsida av duken har Lina sydd inn signaturen LK og årstalet 1984 (sjå foto).



Initialen til Lina O. Kirkeeide på innsida av duken ho sydde og gav som gåve i 1984



Til 100-årsjubileet (1959) fekk kyrkja ny duk i gåve frå Nedstryn Husmorlag
Denne duken er laga av søstrene på «Bellateria», Oddrun og Bergljot Gytri



Den nyast duken kom som gåve frå Lina O. Kirkeeide i 1984

Overføringsgudsteneste i Hornindal

av Anne Lødemel Honningsvåg - foto Anitha Kvamme

I samband med at Hornindal 01.01.2020 går frå Nordfjord prosti og Bjørgvin bispedøme til Søre Sunnmøre prosti og Møre bispedøme var det ei historisk gudsteneste i kyrkja søndag 01. desember 2019.

I gudstenesta medverka Biskop i Bjørgvin Halvor Nordhaug og biskop i Møre Ingeborg Midttømme, prost i Nordfjord prosti Rolf Schanke Eikum og prost i Sunnmøre prosti Ingeborg Matre, sokneprest Hege Høibye, nyttilsett sokneprest for Hornindal, Austefjorden og Storfjorden (Bjørke) sokn Per Kristian Hovden Sætre, prestane Kristian Myklebust, Ingrid Finsådal og Espen Aarset, kateketane Beate Nes og Constanze Lindner, ordførarane Stig Olav Lødemel og Sølvi Dimmen, m.fl.

Preika var ved biskop Halvor Nordhaug og det var óg ei symbolsk overrekking av kyrkjeelykjelen frå fellesrådsleiar i Hornindal Elsa Aslaug Ommedal til fellesrådsleiar Otto Mundal.

Organistar var Anitha Kvamme og John Inge Bjøringsøy. Elles deltok Hornindal songlag, Inge Asbjørn Haugen på saksofon og organistkvartetten John Inge Bjøringsøy, Erlend Koppen, Bart Handrick og Morten Bollerud frå Volda.

Over 100 var med på kyrkjeaffien i Honndalshallen etter gudstenesta. Soknerådet hadde ordna med kake og mykje anna godt, og leiar i fellesnemda Jørgen Holte heldt styr på hel-singar og takketaler.

Biskop i Bjørgvin Halvor Nordhaug takka for samarbeidet og stiftsdirektør i Møre Bjørn Olav Storhaug ynskte oss velkommen til nytt bispedøme.

Prost Rolf Schanke Eikum takka m.a. Jon Ytrehorn for den tenesta han har gjort, og frå soknerådet fekk dei til-sette som takk for tenesta bilder, etter treskjeringar av Rolf Taraldset, med motiv av Såmannen og Emmausvandrarene.

Underhaldninga var med Hornindal spelemannslag og organistkvartetten John Inge Bjøringsøy, Erlend Koppen, Bart Handrick og Morten Bollerud frå Volda.



Biskopar, prostar, prestar og kyrkjelege tilsette frå Bjørgvin og Møre. Foto Bjørn Olaf Storhaug



Biskop Halvor Nordhaug held preika



Prosesjonen på veg ut



Hornindal songlag deltok med song



Inge Asbjørn Haugen på saksofon t.v. med organistane John Inge Bjøringsøy og Anitha Kvamme



Organistkvartetten John Inge Bjøringsøy, Erlend Koppen, Bart Handrick og Morten Bollerud fra Volda



Prost Rolf Schanke Eikum takka gode medarbeidrarar som har hjelpt til etter å ha vorte pensjonistar.
F.v.: prost Rolf Schanke Eikum, Jon og Elin Ytrehorn, Erling Tronvik



Hornindal spelemannslag underheldt

"Den store Kongen" i Olden kyrkje

av Reidun Brynestad - Foto Arild Hafsås

Olden skule brukte hausten 2019 til å øve inn "Den store Kongen". 16.desember var det tid for framsyning. Dette er ei tolking av juleevangeliet i ord og tonar. Elevar, lærarar og andre i staben, legg ned mykje arbeid i dette, under kyndig leiing av Elin E. Åbrekk.

Å få oppleve dette fantastiske samspelet, der dei minste er 6 år og dei eldste er i 60-åra, er heilt spesielt. Når alle syng av full hals, blir det ganske bra trøkk,

og høg gåsehudfaktor. Foreldre, søskan, besteforeldre og bygdafolk elles, går mann av huse for og få med seg dette, og nok ein gong var kyrkja fullsett.

Vi er heldige som får ta del i

slike flotte, musikalske opplevingar i vår eiga heimbygd. All ære og takk til dei som brukar tid og krefter på å gjere dette mogeleg! Vi gledar oss allereie til neste gong dette vert oppsett!



Olden skule med flott framsyning av "Den store Kongen"

Kyrkjekonsert

Julekonsert med "Tre kvinner og ein mann"

tekst Reidun Brynestad - foto Magnus Willumsen

Desse fire Glopparane vitja Olden kyrkje 12.desember 2019. Stemningsfullt lys møtte publikum då dei kom inn. Eit svært variert repertoar av julesongar, både nye, gamle, engelske og norske, på bokmål og nynorsk, gjorde dette til ei spennande reise innan sjangeren.

"Mitt hjerte alltid vanker", "Winter Wonderland", "Stjernesludd" og "Nordnorsk julesalme" var noko av det vi fekk høre. Dei song, vekselsvis, i lag og kvar for seg, denne kvartetten, og ispedd lett og ledig prat mellom songane, vart dette ei fin stund. Det er noko med det og setje seg i kyrkja, ein heilt vanleg torsdagkveld, midt i julestria, og berre senke skuldiane og nyte. Avslutninga med

"Det lyser i stille grender" vart eit fint punktum for kvelden.

Velfortent, ståande applaus fekk dei på veg ned midtgongen. Dei stillte seg opp ved døra og helste folk vel heim og god jul.

Ein fin gest! Vi gjekk ut i desemberkvelden, og såg at det lyste i stille grender. Takk for julestminga og velkomne att!



F.v.: Sjur Atle Austrheim, Hege Alme, Britt Glommnes Willumsen og Randi Skaaden Felde.

"IN MEMORY OF ELVIS"

tekst Reidun Brynestad

Olden kyrkje var fullsett 14. november 2019, då Vidar Busk, Paal Flaata og Steven Ackles vitja oss med turnèn sin. Desse karane er fantastisk samspelte, etter mange år på vegen i lag, og leverte ein konsert vi aldri har opplevd makin til, her inne i fjorden! Lyssettinga var fantastisk, og lydnivået fekk omtrent kyrkjeketaket til å løfte seg.

Vi fekk høyre eine gospelklasikaren etter den andre; Put your hand in the hand, He touched

me, You never walk alone, m.fl., og publikum var frå seg av begeistring! Gitarsoloane til Vidar Busk var i ei særklasse.

Kora Olden Singers og Stårheim Songlag deltok òg under siste del av programmet. Dei gjorde ein flott innsats, som gjorde til at det vart endå mektigare, med Amazing Grace, Glory, Glory Halleluja og Oh Happy day. Som siste nummer av konserten kom How great thou art, og stemninga i kyrkjerommet då, kan knap-

past beskrivast med ord! Ståande applaus og trampeklapp, av eit publikum som ville ha meir, gjorde at hovudartistane, som hadde fått på seg jakkene og var komne ut, måtte innatt på podium. Eit ekstranummer måtte til, før folk vart fornøgde.

På veg ut i novemberkvelden, høyrdie vi superlativa på rekke og rad. Vi kan konkludere med at det var ein braksuksess! Takk, for ein uforgløymeleg kveld!



Orkesteret med Steven Ackles, Vidar Busk og Paal Flaata i spissen. Foto Martinus Vik 14. november 2019



Fullt trøkk med kora Olden Singers og Stårheim Songlag saman med dei tre artistane og orkester. Foto Bjarte Haugen 14. november 2019



Jeg har vært glad i salmer og sanger hele livet, og i ulike livsfaser har forskjellige salmer betydd mye for meg. Ganske tidlig i livet ble jeg kjent med salmen "Ved Jesu føter ei stille stund". Jeg var 16 år da mine foreldre, som var misjonærer, ville reise fra Norge tilbake til det som den gang hette Belgisk Congo, nå Den Demokratiske Republikk Kongo (DRK). Min eldste bror (18) og jeg skulle være igjen i Norge for videre skolegang og arbeid. Mine to yngste brødre skulle være med foreldrene våre tilbake til DRK.

Det var ganske vanskelig for oss to tenåringene å skulle finne oss til rette etter at mor, far og brødre hadde reist. Jeg hadde det jeg vil kalle et "åndelig hjem" i en frimenighet på stedet der vi bodde. Der fikk jeg mye trøst, støtte og oppmuntring, og det var til utrolig god hjelp i den vanskelige tiden.

En kveld på et evangelisk møte i denne menigheten var det en sanger som sang Matias Orheim sin salme: Ved



Min salme

av
Elin Ytrehorn

Ved Jesu føter ei stille stund av Matias Orheim

*Ved Jesu føter ei stille stund,
når ordi kjem frå hans eigen munn.
Når eg med Jesus åleine er,
då er det hugnad å leva her.*

*Kvar finst ein fagrare stad på jord?
Kvar høyrest visare sanningsord?*

*Når eg med Jesus åleine er,
då ynskjer eg ikkje meire her.*

*Så lat då kome kva koma vil,
eg veit ein stad eg skal springa til.*

*Der eg med Jesus åleine er,
kven kan då standa i mot oss her?*

*Og snart so kjeme den stundi kjær,
då eg skal sjå Honom slik Han er.*

*Då eg med Jesus i himlen er
og talar saman som aldri her.*

*Jesu føter ei stille stund. Der
og da ble den salmen "min".*

Særlig 3.vers:

*Så lat då kome kva koma vil,
eg veit ein stad eg skal springa til.
Der eg med Jesus åleine er,
kven kan då standa i mot oss her?*

Jeg fikk en sterk opplevelse mens han sang, av at Jesus ville være med meg i de tunge tidene når jeg vendte meg til Han i bønn. Jeg kjente meg ikke forlatt og alene lenger, Jesus var med meg, Han støtta og ledta meg denne dagen og dagene som lå forran. Slike opplevelser er gode å ha med seg på livsveien videre.


*Jeg utfordrer Hege Høibye til å
skrive Min salme neste gang*

Matias Orheim 1884 – 1958

Matias Orheim ble født og vokste opp på en gård på Stårheim i Nordfjord. Han var en gåverik ungdom som brukte evnene sine godt, særlig følte han ansvar for ungdommen i bygda. Alt som 19-åring kom han med første boka si, "Heimlokk", ei sangsamling. Hele første halvdel av 1900 satte Orheim preg på norsk kristenliv som forkynner og salmedikter, og han skrev sanger og salmer som synges i kristne sammenhenger over hele landet den dag i dag.

Han reiste land og strand rundt til kirker og bedehus, forkynnte evangeliet, sang og spillte fele, og kanskje er han mest kjent for å spille på glass som akkompagnement til sangene sine. Noe av det som gjør sterkest inntrykk med Matias Orheim er at han hele sitt voksne liv var blind, likevel reiste han store deler av livet som forkynner. Han hadde kona, Marie, med som følgesvenn, og da døttrene ble voksne, overtok de delvis den rolla.

Matias Orheim døde 20.april 1958 og Marie døde bare noen timer senere. De ble gravlagt ved Stårheim kirke 26.april og gravfølget var det største som var sett i bygda.



Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Fredsønske

Ei lita bok med tittelen *"Fred i hjertet og på Jorden"* har lege på nattborDET mitt ei tid. Denne titelen vart mitt store nyttårsønske.

I lang tid har aviser, radio og TV gjeve oss bilde som er alt anna enn fred. Om bombe- og terrorangrep og krigshandlingar som tek mange uskuldige liv, høyrer vi mest kvar dag. Mange sterke scener har vorte viste. Blodet renn - heimar, byar og land vert øydelagde. Det fører til flukt, hat, redsel, svolt og sjukdom.

Eg er berre eit fnugg, ein liten del i den store massen, men eg spør: Kan eg og du gjere noko for å skape fred? Vi lengtar vel etter fred på jorda, i nærmiljøet og i våre eigne sinn?

Ein konflikt, lokalt eller globalt tek til med frykt, mistillit, misunning, sinne, kamp om å eige meir, ulike religionar og mykje meir.

Det vonde er i verda, det veit vi. Vi må kjempe for fred, og vi må starte med oss sjølve. Vi må sjå at mennesket har ein eigenverdi som ingen kan ta i frå oss eller krenke. Ingen er fullkommen. Vi har skuggesider, svakheiter som vi må godta, og det er viktig at vi held fred med oss sjølve. Vi må byggje livet på gode verdiar som vi vel bevisst med eit langsiktig mål.

Den gylne regelen er ein fantastig leveregel; *"Alt de vil at andre skal gjera dykk, skal de og gjera mot dei"* Matt 7.12. Lat oss leita etter det gode i menneska!

Har vi fiendar, så skal vi prøve å elske dei også. *"Elsk fiendane dykkar og bed for dei som forfylgjer dykk, så de kan vere born å Far dykkar i himmelen."* Matt 5, 44.45 Når det ikkje finst uvener lenger, herskar freden.

Ver sterkt, kom deg forbi sinne og nå fram til tilgjeving! Dette er van-

skeleg, men det kan lukkast. Bruk milde ord! Språkbruken uttrykkjer kva som fyller hjartet. Velg rosande og oppmuntrande ord som fremmar freden! Godta ikkje urett, men arbeid for rettferd!

Vi må også bli flinkare til å lytte til andre menneske og på den måten kan eit menneske sjølv finne vegen til indre fred.

Forferdelege krigar har ofte starta for å vinne land eller herske over andre. Vi må ta ein kikk på vår eigen trøng til å eige, eller å ha makt. Er den sunn?

Vår eigen Konge sa denne setninga i nyårstalen sin for 25 år sidan: *"Vi får ikke og kan ikke ta fred og frihet for gitt."* *"Nei, fred er ingen selvfølge,"* sa forsvarsministaren same året. I det året feira vi 50-årsjubileum for freden i landet vårt. I år kan vi feire 75 årsjubileum. 25 nye år med framgang og utvikling på dei fleste område har vi hatt. Vi har mykje å takke for.

For å skape fred, må du sjølv ha fred i ditt eige sinn. Freden tek til i kvart enkelt hjarte.

Vi har mange gode ord om fred. *"Hald fred med kvarandre, så skal kjærleikens og fredens Gud vere med dykk."* 2. Kor. 13.1 *"Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born"* Matt. 5.9

Ja, lat oss gå i fred!


Den gylne regelen er ein fantastig leveregel; *"Alt de vil at andre skal gjera dykk, skal de og gjera mot dei"* Matt 7.12

Lat oss leita etter det gode i menneska!


Vær den type menneske som du selv ønsker å møte



Visdomshjørnet



Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida 2019 - 2020

Døpte

24.11 *Jo Nytun Roset*. For.
Åse-Berit Nytun og Per Vidar Roset

Døde

25.12 Judith P. Kvamsås Bergset f. 1946
16.01 Ola Sætren f. 1932

Randabygd 2020

Vigde

15.02 Karoline Lunde og Edvin Rand

Hornindal 2019 - 2020

Døpte

19.01 *Marte Bøe Muldsvor*
For. Anita Bøe og Arne Muldsvor

19.01 *Helene Bortne Espe*

For. Hanne Therese Bortne og
Håvard Hjelle Espe

09.02 *Mari Lunde Haugen*

For. Kristina Sandbakk Lunde og
Ronny Andre Haugen

09.02 *Emil Sætren Espe*

For. Ingvild Kjellstadli Sætren og
Tore Hjelle Espe

09.02 *Rasmus Kristensen Fannemel*

For. Eline Fannemel og Anders
Elling Kristensen

09.02 *Emma Rose Brendefur*

For. Crystal Rose Lloyd og Rasmus
Einar Brendefur

09.02 *Nora Haugen Bøe*

For. Karina Haugen og Trygve
Sætren Bøe

Døde

27.10 Jeanett Serine Lund f. 1994
31.10 Lars Monrad Haugen f. 1938

09.11 Kristen Amund Seljeset f.1936

18.11 Asbjørn Per Hjelle f. 1935

10.01 Pernille Gausemel f. 1924

11.01 Annie Hessholm f. 1930

29.01 Astrid Ytrebø f. 1925

02.02 Solveig Lødemel f. 1924

Olden 2019

Døpte

16.11 *Iben Brasel Brynestad*
For. Kristian Brynestad og Agnete
Iris Brasel

Døde

17.03 Olina Løken f. 1930
Urne sett ned 14.06
31.03 Sølvi Froestad Håheim f. 1945
Urne satt ned 19.06
24.09 Milda Håheim f. 1928
23.12 Ingrid Moen Muri f. 1927

Innvik 2019 - 2020

Vigde

15/2 Mette Lilleseth og Norbert
Walter Lundberg

Døde

11/11 Anders L. Hilde f. 1926
26/11 Edvard Andreas Bergh f. 1932

Utvik 2019 - 2020

Døpte

17.11 *Alida Blindheim Kolseth*
For. Kim Kato Kolseth og Terese
Blindheim

16.02 *Sofie Hage Kielland* For.
Pål Gran Kielland og Kristin Hage

Oppstryn 2019 - 2020

Døpte

10.11 *Sverre Kveum Svarstad*
For. Hege Mork Kveum og Steffen
Svarstad

22.12 *Klara Nygård Flo* For.

Marie Vik Nygård og Marius Flo

12.01 *Laura Sande Svarstad* For.

Malene Sande og Jonny Svarstad

09.02 *Iver Erdal Vike* For.

Anne Merete Erdal og Roy Vike

Døde

02.11 Kåre Jørgen Nygård f. 1947

22.11 Torbjørg Tenden f. 1926

15.02 Eldbjørg Mork f. 1935

Loen 2019 - 2020

Døpte

01.12 *Vilde Flo Loen*
For. Terese Flo og Jan Rune Loen
23.02 *Jonas Olsbø-Taklo*. For. Marie
Kristin Taklo og Christoffer Olsbø
23.02 *Vanessa Sunde Søvik*. For.
Camilla Sunde og Ole-Johan Søvik

Døde

22.12 Samuel Karl Johan Nesdal
f.1934
07.02 Gunnar Rake f. 1928

Nedstryn 2019 - 2020

Døpte

17.11 *Isak Holte Dale* For. Martine
Raknes Holte og Vegard Dale
Døypt i Dalsfjord kyrkje
01.12 *Elizabeth Grace Auflem*
For. Martina Unterfrancova og
Roger Auflem
08.12 *Josefine Rognrust Rakvåg* For.
Lise Rognrust Rakvåg og Cornelius
Rakvåg. Døypt i Ålesund kyrkje
15.12 *Sander Ulvedal Solheim*
For. Ina-Mari Ulvedal og Mats
Goberg Solheim
29.12 *Hanna Aabrekki Lie* For. Ann
Elin Aabrekki Lie og Kenneth Lie
02.02 *Anna Heggdal Sollid*
For. Åshild Heggdal og Jan Magnar
Sollid
02.02 *Athena Belden Pavlovic* For.
Signe Elisabeth Belden og Leon
Pavlovic

16.02 *Arvid Hollsten*
For. Lise og Endre Hollsten

Døde

27.10 Ragnar Lunde f. 1963
28.10 Jens Tonning f. 1931
31.10 Magne Solvik f. 1926
05.11 Borghild Sandvik Næss f. 1915
07.11 Synneve Sæten f. 1926
06.12 Kari Bøe f. 1932
10.12 Jakob Bø f. 1932
21.01 Arve Espelund f. 1959
03.02 Kirsti Aslaug Bjørkedal f. 1926



Vi les

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Den snille framande

av Beate Nes

Ein dag Jesus var ute og prata med folk, fekk han eit spørsmål: «Jesus, kva skal eg gjera så eg kan arva evig liv?» Jesus smilte og svara: «Du skal elskja Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt og av alt ditt vit, og elskja nesten din som deg sjølv». Mannen som hadde stilt spørsmålet vart først stille, men så sa han «Kven er så nesten min?»

Då fortalte Jesus denne historia:

«Ein mann var på veg frå Jerusalem ned til Jeriko. Som de veit er det ein farleg veg. Den er ein aud, svingete og bratt veg, med mange plassar der røvarar kan gøyme seg. Og røvarane, dei låg å venta denne dagen. Dei sprang fram, reiv av han kleda, slo han, stal alt han hadde og så gjekk dei sin veg og lét han liggja igjen der halvdød. Å nei, sa folket som hørde på. Stakkars mann!»

Jesus fortatte: Etter ei stund kom det ein prest gåande. Han såg mannen, men gjekk utanom og forbi. Han skulle til tempelet for å tene Gud, og kunne ikkje risikerer å ikkje få komme inn i tempelet fordi han var blitt urein, så han gjekk rett forbi.

Etter ei stund kom det ein levitt forbi; også han var på veg på jobb i tempelet. Han såg mannen men også han gjekk rett forbi.

Kjære vene, sa folket som hør-

de på. *Er det ingen som skal hjelpe han?*

Jo, høyr no, sa Jesus og fortsette: *Ein samaritan som var ute på reise, kom òg den vegen.*

Ein samaritan!?, var det ein som ropte. *Dei er ikkje som oss. Vi er ikkje vener. Dei er ureine.*

Men Jesus berre fortsette: *Då den samaritanske mannen fekk sjå mannen som låg der i grøftekanten, fekk han inderleg medkjensle med han. Han gjekk bort til mannen, helte olje og vin på såra hans og la forbinding på dei. Så lyfte han mannen opp på eselet sitt og førte han til eit herberge og stelte vel med han. Morganen etter tok han fram to denarar (som var like mykje vert som to dagløner), gav dei til verten og sa: 'Sørg vel for mannen, og må du leggja ut meir, skal du få det når eg kjem tilbake.'*


Jesus såg på mannen som hadde stilt spørsmålet og spurde: *Kven av desse tre tykkjer du viste seg som ein neste for han som fall i hendene på røvarane?» «Den siste, han som viste miskunn mot han», svara han.*

Då sa Jesus: «Gå du og gjer som han.»

Ei gjenfortelling av Luk 10,25-37

Nokre moment til samtale og ei oppmoding til å gjere noko saman.

- Trur du presten og levitten viste kva som var rett å gjere i møte med mannen som låg der skada? Kvifor gjorde dei det ikkje då? Hender det at du veit at noko er rett, men likevel ikkje gjer det?
- Tenk saman, kjänner vi nokon som treng at vi bryr oss? Kan vi gjere noko fint for dei?





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisas "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkle, er du velkommen i nabokyrkja.

29. mars; 4. s i fastetida

- Joh 11, 45-53
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
Ved prost Ingeborg Matre
Årsmøte etter gudstenesta

03. april; Fredag

- Loen 12:00 Skulegudsteneste
Ved Henny Koppen

05. april; Palmesøndag

- Joh 12, 12-24
- Loen 11:00 Gudsteneste
Ved Hege Høibye
- Utvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Austefjord 16:00 Familieguds-
teneste + Krøllesamling
Ved Kristian Myklebust
- Ljosheim 19:00 Kveldsguds-
teneste. Ved Harald Runde

09. april; Skjærtorsdag

- Matt 26, 17-30
- Innvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Bøasætra, Stryn 12:00
Friluftsgudsteneste
Ved Henny Koppen
- Bruasætra, Hornindal 12:00
Friluftsgudsteneste
Ved Ingrid Finsådal
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudste-
neste. Ved Henny Koppen
- Nordsida 20:00 Kveldsguds-
teneste. Ved Hege Høibye
Kveldsmat etter gudstenesta

10. april; Langfredag

- Mark 14, 26-15, 37
- Nedstryn 11:00 Pasjonsguds-
teneste. Ved Henny Koppen og
musikarar
- Bjørke 11:00 Gudsteneste
Ved Espen Aarsæt
- Olden 19:30 Pasjonsgudsteneste
Ved Harald Runde

12. april; Påskedag

- Luk 24, 1-9
- Nedstryn 11:00 Høgtidsguds-
teneste. Påskefest. Ved Henny
Koppen og Beate Nes
- Olden 11:00 Høgtidsgudstene-
ste. Ved Harald Runde
- Nordsida 11:00 Høgtidsgud-
steneste. Ved Hege Høibye.
Søndagsskule på Kyrkjeloftet
*Vigsling av den utvida delen av
kyrkjegården etter gudstenesta*
- Hornindal 11:00 Høgtidsguds-
teneste. Felles med Bjørke og
Austefjord. Ved Ingrid Finsådal
- Oppstryn 13:00 Høgtidsguds-
teneste. Ved Henny Koppen
- Randabygd 15:00 Høgtids-
gudsteneste. Ved Hege Høibye

13. april; 2. påskedag

- Luk 24, 13-35
- Loen 18:00 Salmekveld.
Ved Henny Koppen

19. april; 2. s i påsketida

- Joh 21, 1-14
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Innvik 11:00 Tårnagentgud-
steneste. Ved Harald Runde

26. april; 3. s i påsketida

- Joh 10, 11-18

- Randabygd 11:00 Gudsteneste
Tårnagentane deltek
Ved Hege Høibye

01. mai; fredag

- Luk 6, 31-36
- Innvik 11:00 Konfirmasjon
Ved Harald Runde

02. mai; laurdag

- Loen 11:00 Konfirmasjon.
Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Konfirmasjon.
Ved Harald Runde
- Randabygd 11:00 Konfir-
masjon. Ved Hege Høibye
- Nedstryn 13:00 Konfirmasjon
I. Ved Henny Koppen

03. mai; 4. s i påsketida

- Joh 16, 16-22
- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
II. Ved Henny Koppen
- Nordsida 11:00 Konfirmasjon.
Ved Hege Høibye
- Austefjord 11:00 Gudsteneste.
Ved Kristian Myklebust

09. mai; laurdag

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
III. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Konfirmasjon.
Ved Harald Runde
- Oppstryn 13:00 Konfir-
masjon. Ved Henny Koppen

10. mai; 5. s i påsketida

- Joh 15, 1-8

17. mai; 6. s i påsketida

- Luk 18, 1-8 17. mai – Luk 1, 50-53
- Nedstryn 09:30 Festgudstene-

ste. Ved Henny Koppen

- **Nordsida 10:30** Festgudstene-ste. Ved Hege Høibye
- **Bjørke 10:30** Festgudsteneste. Ved prost Ingeborg Matre
- **Austefjord 10:45** Festgudste-neste. Ved Matias Austrheim
- **Oppstryn 11:00** Festgudstene-ste. Ved Henny Koppen
- **Olden 11:00** Festgudsteneste. Ved Lek gudstenesteleiar
- **Innvik 11:30** Festgudsteneste. Ved Harald Runde
- **Randabygd 12:00** Festgudste-neste. Ved Hege Høibye
- **Hornindal 12:00** Festgudste-neste. Ved prost Ingeborg Matre
- **Loen 13:00** Festgudsteneste. Ved Henny Koppen
- **Utvik 13:00** Festgudsteneste. Ved Harald Runde

21. mai; Kristis himmelfarts-dag – Mark 16, 19-20

- **Nedstryne 11:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- **Olden 11:00** Gudsteneste
- Ved Harald Runde

23. mai; laurdag

- **Hornindal 11:00** Konfir-masjon. Ved Hege Høibye

31. mai; Pinsedag

- **Joh 20, 19-23**
- **Nedstryne 11:00** Høgtidsgud-steneste. Ved Henny Koppen
- **Olden 11:00** Høgtidsgudstene-ste. Ved Harald Runde
- **Hornindal 11:00** Høgtidsgud-steneste. Felles med Bjørke og

Austefjord.

Ved Matias Austrheim

01. juni; 2. pinsedag

- **Joh 16, 5-11**
- **Bergsetnausta, Nordsida**
- 12:00 Naustmesse**
- Ved Hege Høibye med fleire

07. juni; Treeiningssøndag

- **Matt 28, 16-20**
- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- **Bødalsætra, Loen 13:00** Fri-luftsgudsteneste.
- Ved Henny Koppen
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste. Ved Matias Austrheim

14. juni; 2. s i treeiningstida

- **Matt 3, 11-12**
- **Nedstryne 11:00** Gudsteneste. Ved Kjartan Ruset
- **Kvivssetra, Austefjord 12:00** Friluftsgudsteneste.
- Ved Espen Aarset
- **Kvalen, Randabygd 13:00** Friluftsgudsteneste.
- Ved Hege Høibye
- **Prestestøylen, Innvik 14:00** Friluftsgudsteneste.
- Ved Harald Runde

21. juni; 3. s i treeiningstida

- **Luk 14, 15-24**
- **Loen 11:00** Gudsteneste
- Ved Henny Koppen
- **Sundshaugen, Olden 14:00** Friluftsgudsteneste.
- Ved Harald Runde

24. juni: Jonsok

- **Luk 1, 5-17**

28. juni; 4. s i treeiningstida

- **Mark 10, 17-27**
- **Nedstryne 11:00** Gudsteneste
- Ved Henny Koppen
- **Nordsida 11:00** Gudsteneste
- Ved Hege Høibye. Søndagsskule på Kyrkjeloftet
- **Utvik 11:00** Gudsteneste med Norskamerikanarar.
- Ved Harald Runde
- **Erdalsætra, Oppstryn 13:00** Friluftsgudsteneste.
- Ved Henny Koppen

05. juli; 5. s i treeiningstida

- **Matt 7, 15-20**
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste.
- Ved Ingrid Finsådal
- **Selja, Selje 12:00**
- Seljumannamesse**

Treng du kyrkjeskyss?

Soknerådet i Nedstryne vil organisere skyss for dei som treng det.

Dersom du vil vere med på denne ordninga kan du ringe til Henny Koppen 916 01 630 eller Svein Ronne 404 17 268.

KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

0510



Informasjon/
Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Bestemors dåpssalme

tekst: Gunnhild Bergset

Melodi: Ein fin liten blome

*1 I kjærleikens glans så vaks underet fram
- med Skaparens hjerte som vakt
Då barnet såg dagslys vart jordskorpa fukta
av tårer frå gleda si makt*

*2 No ber vi eit under til døypefont fram
og kjærleikens Gud tek imot
Vi bed om at alt det som ingen kan sjå
må bli lagra som livskraft i rot*

*3 Og barnet ber i seg ein kime til alt
som livet kan by på ei ferd
Eit fullverdig menneske — Meisteren sa:
Sjå dei minste om du vil bli lærde*

*4 Og vi som står rundt har smidd lovnad i dag
Og samla skal vi støtte opp
om omsorg og hjelp til ei mor og ein far
som skal verne om slik liten kropp*

*5 Du under som kom og gjev meining og liv
i verda så vakker og rar
Du viser at alt heng i saman til slutt
og at nåden er nok for einkvar.*

*6 Velsigna då vegen som barnet skal gå
Velsigna kvart møte som skjer
Velsigna kvar natt og kvar dag som vil gry
La oss kjenne at du Gud er her*



Neste nummer får du i posten rundt 24. juni. Redaktør vert Jarle Hessevik.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hessevik@enivest.net innan 22. mai.